ALVER
KOMMUNE

Vest Vvs As
Torvhusmyrane 18
5913 Eikangervåg

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 21/10407 - 22/89975 | Linda Hammersvik Folkestad<br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 24.11.2022 |

# Etterlyse manglar i søknad om løyve til å knytte bustad på kommunal vassleidning - Gbnr 355/65 Skjelanger

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til våre brev, datert 06.12.2021 og 19.10.2022, der vi gir **foreløpige svar på rørleggarmelding og ferdigmelding**.

Før vi kan handsame tilknytingssøknader skal vi, blant anna, ha kopi av tinglyste avtaler om rett til å legge leidningar over annan manns grunn og avtale felles solidarisk ansvar for å knytte seg på privat leidningsnett.

Vi kan ikkje sjå at det er sendt inn kopi av tinglyste avtaler.

På avtale om felles solidarisk ansvar skal eigarane av **Gbnr 355/4**, **Gbnr 355/45**, **Gbnr 355/53, Gbnr 355/56** og **Gbnr 355/65** signere med namn og fødselsnummer (11 siffer).
Med avtale skal det leggast ved situasjonsplan som viser private leidningsnettet slik det er bygd. Leidningar skal visast får veggliv og til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett. Der ein ikkje har innmålingsdata på leidningsnettet, skal dette teiknast inn så godt som det let seg gjere.
Når avtale med kart er tinglyst skal kommunen ha kopi av dette.

Inntil manglane er retta vil rørleggarmeldinga ikkje verte handsama.
Utført tilknyting er, per dags dato, ikkje lovleg.

Vi ber om dokumentasjon som vi etterlyser i foreløpig svar på rørleggarmeldinga vert sendt inn samla, så snart som mogleg.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har registrert at det er gitt ferdigattest for bustad.
Da det er i søknad om ferdigattest er gitt feile opplysningar om tilknyting til kommunalt vatn, er ferdigattest gitt på feilaktig grunnlag.
Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har gjort byggesak merksam på at bustad ikkje har godkjent tilknyting. Vi har bedt byggesak om å trekke tilbake ferdigattest inntil forholda er retta opp. Vi har gjort dei merksam på at krav også gjeld bruksløyve.

Vi minner om at rørleggar **skal** kontrollere at det ligg føre godkjent rørleggarmelding før oppstart.
Rørleggar skal også sjekke om tilknytingsgebyret er betalt.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug | post@alver.kommune.no | Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 | www.alver.kommune.no | Organisasjonsnummer: 920 290 922

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kåre Skjelanger | Skjelangervegen 983 | 5917 | Rossland |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vest Vvs As | Torvhusmyrane 18 | 5913 | Eikangervåg |